



# OSTERØY IDROTTSKLAG

SKIPA 1918

Friidrett: Denne gruppa som tel 200 medlemmer har i år anangert 24 større og mindre stemmer ute eller inne. Veteranane som i fjor vart nr. 1 i landet i seriestatistikken med 20956 poeng har i år 21821 og vonar på 1. plass også i år. I KM på Osterøy Stadion vart der 35 (32) individuelle gull til veteranane våre. Einar Vevle og Osvald Kalland vann beggedobbelsiger i KM hopp u/t og Leif Mjelde vart krinsmeister i terrengløp.

I NM i Ålesund vart det 3 gull til Arne Mjelde og 2 gull og 1 sølv til Olav Reigstad, Magnus Borge vann 1 gull og 1 sølv og Magne Vetlejord vart nr. 2 på 10.000 m og same plassering hadde han i halvmaraton. Topp prestasjonane i år poengmessig sto Nils Valestrand og Randi Loftås for. Nils sin 5000 m på 25,15,4 gå 1261 poeng (1437) og Randi sitt L u/t på 1,93 ga 1030 poeng. Beste poengplukkar er Olav Reigstad 4 resultat og Randi Loftås med 3 resultat. I Holmenkollen stilte me i år berre med lag i Senior menn der me vart nr. 40 (44). Av andre stafettresultat kan nemnast: Brekkestafetten der kvinner sen. og gutar begge vann sine klassar og i Ask-stafetten vart det siger til våre juniorar. Våre løparar vart og nr. 2 i andre stafetter 6 gonger. Det er i år satt 15 nye lagsrekorder dei fleste i alderbestemte klassar. I KM for dei aldersbestemte klassane vart det gull til Vibecke Bernes j70 på 1500 m, Frode Bergheim g73 i L u/t, Terje Simmenes g73 i stav, Øyvind Kleiveland g71 diskos og Bjarte Vik g69 3000 m. samt 8 sølv og 4 bronsemedaljer.

I senior vart det gull til Stein O. Hagenes MS L u/t og Kjetil Loftås MS H u/t samt desse stafettane: 4 x 100 m MS, 4 x 1500 MS, 1000 m MV 1 og 1000 m MV 2.

I Vesta-Hygea leikane vart Mads Elvik nr. 3 i stav g 71.

I seriestatistikken vart resultatata slik: Jenter 32103 (32494) Gutar 46158 p (44578), Kvinner junior/senior 7887 p (8077), Menn junior/senior 13995 p (13452). Resultatet til gutar fører truleg til opprykk til elitedivisjonen neste år.

*1987  
utdrag*  
Volleyballgruppa: Aktiviteten i denne gruppa som tel 46 medlemmer er litt mindre enn i fjor. Gruppa stilte med 1 damelag i 3. div. der dei vart nr. 2 og 1 damelag i 5. div. samt 1 juniorlag for damer.

Valestrandgruppa: Aktiviteten har vore god også siste året og gruppa har stått som tilskipar av Mai-stafetten der 32 lag stilte opp mot 26 i fjor. Mosjonsløpet Valestrandmarka rundt har i år gått 13 gonger med 63,4 deltakar i snitt (50,8). I alt har 201 personer (159) vore med 1 eller fleire gonger.

O.I.L.Stikkå: Det har i år berre kome ut 1 nr. av denne avisa der alle gruppene fekk presentera sine aktiviteter.

Stadionbygg: Byggenemda er i sving med dette og styret reknar med at godkjente teikningar vert insendt innan søknadfristen om tippemidlar som er 10/1 1988. Kontaktutvalet har satt dette bygg opp som nr. 1 på prioringslista for Osterøy.

Styret vil takka alle medlemmer i laget for eit godt arbeidsår, og ynskja lukka til med arbeidet i året som kjem.

Lonevåg 29/11 1987.

Monrad Myking  
skrivar.